Vekselbanken

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



# DELÅRSRAPPORT
# 3. kvartal 2010

Voss, 19. oktober 2010

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 fax. 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

# DELÅRSRAPPORT 3. KVARTAL 2010

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA syner ved utgangen av 3. kvartal eit resultat av ordinær drift før skatt på 24,7 mill. kr mot 23,0 mill. kr ifjor. Etter skatt er resultatet 18,6 mill. kr eller 0,89%. Tilsvarande tal i fjor var 18,0 mill. kr og 0,93%. Resultatet hittil i år er positivt påverka av nokre eingongseffektar kommentert i halvårsresultatet tidlegare i år.

I 3. kvartal vart resultat før skatt 6,6 mill. kr, mot 9,5 mill. kr i 3. kvartal i fjor. Dette tilsvarar 0,94% i år, mot 1,38% i fjor av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet. Reduksjonen i resultat før tap i kvartalet samanlikna med 3. kvartal i 2009 på 3,6 mill. kr skuldast fall i netto renter på 2 mill. kr og redusert inntekt på finansplasseringar med 1,6 mill. kr. Resultat etter skatt er 5,4 mill. kr, mot 7,7 mill. kr i same kvartal i fjor. Dette tilsvarar 0,76% i år og 1,12% i fjor av GFK i kvartalet.

## RENTEMARGIN

Pr. 30.09.10 er rentemarginen på 43,2 mill. kr mot 43,3 mill. kr pr. 30.09.09. I prosent av GFK er rentemarginen redusert frå 2,23% til 2,07%.

Hard konkurranse i marknaden om kundane sine innskotsmidlar, redusert vekst i utlån og redusert margin på banken sin overskotslikviditet har redusert netto rente- og kredittprovisjonsinntekter i 3. kvartal med omlag 2 mill. kr til 12,8 mill. kr, mot 14,8 mill. kr for 3. kvartal 2009. I % av GFK i kvartalet er rentemarginen 1,82% mot 2,16%.

## INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR

Den tidlegare negative kursutviklinga på børsen i 1. halvår har snudd. Pr. 30.09.10 er det samla inntektsført 1,5 mill. kr i realisert vinst/tap og verdijusteringar, mot kostnadsføring på 1,2 mill. kr ved utgangen av 1. halvår. Ved kvartalsskiftet pr. 30.09.09 var inntektsføringa 6,5 mill. kr.

I 3. kvartal har banken inntektsført realisert vinst/tap og verdijusteringar med 2,8 mill. kr mot 4,5 mill. kr i 3 kvartal i 2009.

På verdipapir vurdert som anleggsmiddel er det pr. 30.09.10 inntektsført 1,2 mill. kr mot ei kostnadsføring på 0,5 mill. kr pr. 30.09.09.

## DRIFTSKOSTNADER

Pr. 30.09.10 er driftskostnadane på 24,7 mill. kr mot 27,7 mill. kr i 2009. I 2. kvartal i år vart 4,0 mill. kr i tidlegare avsette AFP forpliktingar i samband med pensjonsreforma tilbakeført. Tilbakeføringa har eingongseffekt. Utan denne tilbakeføring av AFP forpliktingar ville driftskostnadane vore på 28,7 mill. kr som er i samsvar med budsjetterte kostnader.

Sum driftskostnader i 3. kvartal er 9,9 mill. kr, som er tilsvarande beløp som 3. kvartal i fjor.
Driftskostnadane i 3. kvartal er 1,41% av GFK i kvartalet mot 1,44% i 3. kvartal 2009.

## TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

Pr. 30.09.10 er 3,7 mill. kr bokført som nedskriving på utlån mot 2,5 mill. kr på same tid ifjor. I % av GFK utgjer dette 0,13 mot 0,09 ifjor. Samla netto misleghaldne og tapsutsette engasjement er auka frå 75,1 mill. kr pr. 30.09.09 til 130,1 mill. kr pr. 30.09.10. I % av brutto utlån utgjer dette 5,53% pr. 30.09.10, mot 3,37% pr. 30.09.09.

I 3. kvartal har banken bokført nedskrivingar på kundeengasjement med 0,7 mill. kr, mot 1,4 mill. kr pr. 30.09.09. Konstaterte tap på lån i kvartalet, som det tidlegare er nedskrive på, er 2,7 mill. kr mot 0,1 mill. kr i 3. kvartal ifjor.
Konstaterte tap pr. 30.09.10 er på 3,2 mill. kr mot 3,4 mill. kr pr. 30.09.09.

## RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin rådveldekapital pr. 30.09.10 er 2 837 mill. kr. For dei siste 12 månadane er veksten i rådveldekapitalen 54 mill. kr, eller 3,0%.

Rådveldekapitalen er i 3. kvartal auka med 38 mill. kr, eller 1,4%.

## INNSKOT

Innskot frå kundar pr 30.09.10 er 1 855 mill. kr, mot 1 747 mill. kr ifjor. Auken utgjer 108 mill. kr eller 6,2%. Innskotsdekninga frå kundar held seg stabil og var ved kvartalsskifte 78,9% av brutto utlån mot 78,5% i fjor.

Innskot frå kundar er auka med 31 mill. kr i 3. kvartal eller 1,7%.

## UTLÅN

Brutto utlån til kundar utgjer 2 351 mill. kr ved utangen av kvartalet mot 2 226 mill. kr i 2009. Auken utgjer 125 mill. kr eller 5,6%.

I 3. kvartal er brutto utlån til kundar auka med 63 mill. kr eller 2,8%.

## EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken opplevde stor pågang frå investorar ved emisjon av ny fondsobligasjon og ansvarleg lånekapital i slutten av april, og er godt nøgd med rentevilkåra ein oppnådde. Evigvarande fondsobligasjon på 35 mill. kr, og nytt tidsavgrensa ansvarleg lån på 50 mill. kr vart innbetalt i juni, samstundes som det gamle ansvarlege lånet på 25 mill. kr vart innløyst etter 5 år. Samla styrkar dette banken sin netto ansvarlege kapital med 60 mill. kr og eigenkapitaldekninga med 3,6% til vidare vekst i den lokale marknaden.

Netto ansvarleg kapital etter dei nye Basel II reglane er 317 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 18,01%. Kjernekapitalen er samstundes 267 mill. kr, eller 15,17%. I høve til minimumskrava er overdekninga 176 mill. kr.

## REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

## REKNESKAPSPRINSIPP

Delårsrapporten er sett opp i samsvar med "Norsk RegnskapsStandard II Delårsrapportering", som er same prinsipp som ved årsoppgjeret for 2009.

## UTSIKTENE FOR 2010

Styret meiner at banken med sin solide eigenkapital, sin gode fundingssituasjon, dei solide tapsavsetjingane og ein nokolunde stabil lokalmarknad, framleis vil vera i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken sine finansinntekter vil verta påverka av renteutviklinga i marknaden og utviklinga på aksjebørsane rundt om. Vi forventar ein moderat auke i pengemarknadsrenta dette året.

Kontaktpersonar: Banksjef Jan Arveschoug eller ass. banksjef Einar Larsen tlf 56 52 35 00

## RESULTATREKNESKAP

*Alle tal i heile NOK 1.000*

| | **3. kv.10** | 3. kv.09 | **30.09.10** | 30.09.09 | 31.12.09 |
|---|---|---|---|---|---|
| Renteinntekter og liknande inntekter | 28.963 | 27.432 | 86.723 | 90.784 | 118.680 |
| Rentekostnader og liknande kostnader | 16.118 | 12.617 | 43.531 | 47.489 | 59.820 |
| **Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter** | **12.845** | 14.815 | **43.192** | 43.295 | 58.860 |
| Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning | 57 | 0 | 3.430 | 438 | 1.980 |
| Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester | 1.864 | 1.808 | 4.708 | 4.544 | 6.075 |
| Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester | -528 | -511 | -1.500 | -1.529 | -2.035 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar | 2.776 | 4.483 | 1.510 | 6.541 | 8.303 |
| Andre driftsinntekter | 165 | 165 | 500 | 496 | 735 |
| **Sum andre inntekter** | **4.334** | 5.945 | **8.648** | 10.490 | 15.058 |
| **Sum netto inntekter** | **17.179** | 20.760 | **51.840** | 53.785 | 73.918 |
| Løn og generelle administrasjonskostnader | 7.901 | 8.392 | 19.638 | 23.148 | 29.920 |
| Ordinære avskrivingar | 324 | 152 | 942 | 477 | 691 |
| Andre driftskostnader | 1.717 | 1.357 | 4.148 | 4.103 | 5.372 |
| **Sum kostnader** | **9.942** | 9.901 | **24.728** | 27.728 | 35.983 |
| **Resultat før tap** | **7.237** | 10.859 | **27.112** | 26.057 | 37.935 |
| Tap på utlån, garantiar m.v. | 681 | 1.382 | 3.665 | 2.522 | 3.963 |
| Nedskriving/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar | -74 | 0 | -1.266 | 506 | 3.506 |
| **Netto tap og avskrivingar** | **607** | 1.382 | **2.399** | 3.028 | 7.469 |
| **Resultat før skatt** | **6.630** | 9.477 | **24.713** | 23.029 | 30.466 |
| Skatt på ordinært resultat | 1.232 | 1.790 | 6.070 | 5.066 | 7.050 |
| **Resultat for rekneskapsåret** | **5.398** | 7.687 | **18.643** | 17.963 | 23.416 |
| **Disponering av overskot:** | | | | | |
| Utbytte på aksjar | | | 0 | 0 | 4.750 |
| Overført til annan eigenkapital | | | 0 | 0 | 18.666 |
| **Sum disponert** | | | 0 | 0 | 23.416 |
| Resultat pr. aksje | 56,82 | 80,92 | 196,24 | 189,08 | 246,48 |
| Utvatna resultat pr. aksje | 56,82 | 80,92 | 196,24 | 189,08 | 246,48 |

# BALANSE

*Alle tal i heile NOK 1.000*

| | **30.09.10** | 30.09.09 | 31.12.09 |
|---|---|---|---|
| **EIGNELUTAR** | | | |
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 109.167 | 197.705 | 109.290 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 3.993 | 59.210 | 8.073 |
| Netto utlån og fordringar på kundar | 2.310.285 | 2.186.467 | 2.183.355 |
| Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning | 282.683 | 212.534 | 282.577 |
| Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning | 101.851 | 109.478 | 106.982 |
| Utsett skattefordel | 5.330 | 4.272 | 5.330 |
| Finansielle derivat | 0 | 0 | 0 |
| Varige driftsmidlar | 11.070 | 3.075 | 11.249 |
| Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter | 13.175 | 11.136 | 11.782 |
| **SUM EIGNELUTAR** | **2.837.554** | 2.783.877 | 2.718.638 |
| **GJELD OG EIGENKAPITAL** | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 0 | 0 | 0 |
| Innskot frå og gjeld til kundar | 1.855.692 | 1.746.876 | 1.773.334 |
| Obligasjons- og sertifikatgjeld | 597.000 | 720.000 | 647.000 |
| Finansielle derivat | 128 | 216 | 127 |
| Anna gjeld | 8.934 | 10.080 | 18.434 |
| Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter | 29.201 | 35.498 | 8.149 |
| Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar | 5.968 | 10.822 | 9.605 |
| Ansvarleg lånekapital | 85.000 | 25.000 | 25.000 |
| **Sum gjeld** | **2.581.923** | 2.548.492 | 2.481.649 |
| **EIGENKAPITAL** | | | |
| *Innskoten eigenkapital* | | | |
| Aksjekapital (95 000 aksjar á kr. 100,-) | 9.500 | 9.500 | 9.500 |
| - Behaldning eigne aksjar | -13 | -12 | -12 |
| Sum innskoten eigenkapital | 9.487 | 9.488 | 9.488 |
| *Opptent eigenkapital* | | | |
| Annan eigenkapital | 246.144 | 225.897 | 227.501 |
| Sum opptent eigenkapital | 246.144 | 225.897 | 227.501 |
| **Sum eigenkapital** | **255.631** | 235.385 | 236.989 |
| **SUM GJELD OG EIGENKAPITAL** | **2.837.554** | 2.783.877 | 2.718.638 |
| Garantiansvar | 37.031 | 38.761 | 35.379 |
| Pantsetjingar | 57.007 | 80.000 | 55.000 |
| Eigenkapitaldekning | 18,01 % | 14,41 % | 15,18 % |
| Gjennomsnittleg rådveldekapital | 2.786.003 | 2.587.015 | 2.628.717 |

Voss, 19.10.10
Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Jorunn Lødemel
*styreformann*

Stig Gunnar Røthe

Bjørg Knapstad

Dagfinn Gjøstein

Norvald Fretheim

-------------------
Jan Arveschoug
*banksjef*

## TAP PÅ UTLÅN

*Alle tal i heile NOK 1.000*

| **Bokførte tap** | **30.09.10** | 30.09.09 | 31.12.09 |
|---|---|---|---|
| Endring i individuelle tapsnedskrivingar | -1.269 | -1.288 | 253 |
| Endring amortiseringseffekt individuelle nedskrivingar | 1.328 | -494 | -619 |
| Endring i gruppevise nedskrivingar | 500 | 1.000 | 1.000 |
| Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for | 3.175 | 3.386 | 3.436 |
| Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive på | 2 | 10 | 10 |
| Inngang på tidlegare avskrivne tap | -72 | -92 | -118 |
| **Sum tap i perioden** | **3.664** | 2.522 | 3.962 |
| Sum tap gjeld tap på utlån. | | | |

| **Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement** | | | |
|---|---|---|---|
| Brutto misleghaldne lån | 52.965 | 27.016 | 27.031 |
| Individuelle tapsnedskrivingar | 7.559 | 4.802 | 5.473 |
| **Netto misleghaldne lån** | **45.406** | 22.214 | 21.558 |
| | | | |
| Andre tapsmerka engasjement | 106.452 | 76.122 | 73.308 |
| Individuelle tapsnedskrivingar | 21.794 | 23.229 | 24.511 |
| Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån | **84.658** | 52.893 | 48.797 |
| **Netto tapsutsette engasjement** | **130.064** | 75.107 | 70.355 |

## SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

| | | | |
|---|---|---|---|
| Brutto utlån | 2.351.644 | 2.226.004 | 2.224.845 |
| Amortiseringseffekt individuelle nedskrivingar | 1.271 | 2.320 | 1.908 |
| Individuelle nedskrivingar / spesifiserte avsetjingar | -30.624 | -30.351 | -31.892 |
| Gruppevise nedskrivingar / uspesifiserte avsetjingar | -12.006 | -11.506 | -11.506 |
| Netto utlån til kundar | **2.310.285** | 2.186.467 | 2.183.355 |

## KAPITALDEKNING

| | **30.09.10** | | 30.09.09 | | 31.12.09 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Berekningsgrunnlag | Kapitalkrav | Berekningsgrunnlag | Kapitalkrav | Berekningsgrunnlag | Kapitalkrav |
| Lokale og regionale styresmakter | 0 | 0 | 2.992 | 239 | 4.227 | 338 |
| Institusjonar | 80.283 | 6.423 | 58.366 | 4.669 | 51.576 | 4.126 |
| Føretak | 408.048 | 32.644 | 541.686 | 43.335 | 524.152 | 41.932 |
| Pantsikring i bustad og fritidseigedom | 679.098 | 54.328 | 635.073 | 50.806 | 670.208 | 53.617 |
| Forfalne engasjement | 155.094 | 12.408 | 86.193 | 6.895 | 91.547 | 7.324 |
| Andelar i verdipapirfond | 21.075 | 1.686 | 19.587 | 1.567 | 30.416 | 2.433 |
| Andre engasjement | 304.454 | 24.356 | 214.686 | 17.175 | 215.150 | 17.212 |
| Sum kredittrisiko | **1.648.052** | **131.844** | 1.558.583 | 124.687 | 1.587.276 | 126.982 |
| Operasjonell risiko | 121.862 | 9.749 | 113.087 | 9.047 | 114.100 | 9.128 |
| Frådrag for gruppevise nedsrivingar | -11.506 | -920 | -11.506 | -920 | -11.506 | -920 |
| Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar | 0 | | -212 | -17 | -208 | -17 |
| Samla kapitalkrav | **1.758.408** | **140.673** | 1.659.952 | 132.796 | 1.689.662 | 135.173 |
| | | | | | | |
| Innbetalt aksjekapital | 9.500 | | 9.500 | | 9.500 | |
| - eigne aksjar | -12 | | -12 | | -12 | |
| Annan eigenkapital | 227.501 | | 207.933 | | 227.501 | |
| Fondsobligasjonar | 35.000 | | 0 | | 0 | |
| - utsett skattefordel | -5.330 | | -3.075 | | -5.330 | |
| Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar | 0 | | -106 | | -104 | |
| Sum kjernekapital | **266.659** | **15,16** | 214.240 | 12,91 | 231.555 | 13,70 |
| | | | | | | |
| Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital | 50.000 | | 25.000 | | 25.000 | |
| Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar | 0 | | -106 | | -104 | |
| Sum tilleggskapital | **50.000** | **2,84** | 24.894 | 1,50 | 24.896 | 1,47 |
| | | | | | | |
| Sum ansvarleg kapital | **316.659** | **18,01** | 239.134 | 14,41 | 256.451 | 15,18 |

## ENDRING I EIGENKAPITALEN

| | **30.09.10** | 30.09.09 | 31.12.09 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital pr. 01.01 | 236.988 | 220.649 | 220.649 |
| Korreksjon pensjons-skyldnad | 0 | -3.227 | -2.323 |
| Kjøp / sal eigne aksjar | 0 | 0 | -3 |
| Resultat i perioden | 18.643 | 17.963 | 23.416 |
| Utbytte | 0 | 0 | -4.750 |
| **Eigenkapital pr. 30.09 / 31.12** | **255.631** | 235.385 | 236.989 |

# KONTANTSRAUMOPPSTILLING

*Alle tal i heile NOK 1.000*

| | **30.09.10** | 30.09.09 | 31.12.09 |
|---|---|---|---|
| Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalingar | 90.244 | 96.854 | 129.954 |
| Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalingar | -23.217 | -25.854 | -67.592 |
| Andre innbetalingar | 4.274 | 934 | 2.740 |
| Driftsutbetalingar | -25.365 | -22.375 | -35.056 |
| Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap | 73 | 92 | 119 |
| Utbetalt utbytte | -4.750 | -3.420 | -3.420 |
| Betalte skattar | -8.876 | -8.878 | -7.931 |
| **Tilført frå verksemda** | **32.383** | **37.353** | 18.814 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar | -130.034 | -134.379 | -133.270 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar | 82.357 | 18.967 | 45.425 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar | 0 | 0 | 0 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld | -50.000 | 243.000 | 170.000 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar | 315 | -660 | -1.764 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir | -8.607 | -143.444 | -195.143 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar | 0 | 0 | 0 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld | -1.946 | -343 | -79 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital | 60.000 | 0 | 0 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i eigne aksjar | 0 | 0 | -3 |
| **Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd** | **-47.915** | **-16.859** | -114.834 |
| Investert i varige driftsmidlar | -763 | -522 | -7.713 |
| Avgang varige driftsmidlar, til salssum | 0 | 0 | 0 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir | 12.092 | -70.602 | -86.450 |
| **Netto kontantstraum frå investeringar** | **11.329** | **-71.124** | -94.163 |
| Netto endring likvidar | -4.203 | -50.630 | -190.183 |
| Likviditetsbehaldning pr. 01.01 | 117.363 | 307.546 | 307.546 |
| **Likviditetsbehaldning pr. 30.09 / 31.12** | **113.160** | **256.916** | 117.363 |

**Likviditetsbehaldning 30.09 / 31.12 består av:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 109.167 | 197.705 | 109.290 |
| Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid | 3.993 | 59.211 | 8.073 |
| **Sum likviditetsbehaldning pr. 30.09. / 31.12** | **113.160** | **256.916** | 117.363 |